

Guds misjon i openberringstida

Gudsteneste og misjon

Misjon handlar om kyrkja sitt vesen og oppdrag: Gjennom det vi er, seier og gjer, lever vi ut det frigjerande evangeliet om Jesus Kristus, både for oss sjølve, for medmenneska våre, for samfunnet, og for verda.

Openberringstida i Den norske kyrkja har vorte tida der misjonsperspektivet vært særskild løfta fram. «Som Far har sendt meg, sender eg dykk», seier Jesus i Joh. 20,21. Gjennom tekstane som openberrar kven Kristus er, vert det også openberra kven vi er som kyrkje, og kva som er oppdraget vårt.

Vi er vande med å tenkje «utover» når vi snakkar om misjon. Men samstundes skjer faktisk misjon også i gudstenestene i vår lokale kyrkjelyd. Kyrkja er ein stad der ein sjølv får del i misjon, både ved å ta imot ordet og sakramenta (Jf. CA 7), men òg ved å ta del ved å ta del i gudstenesta med lovsong, forbøn og givarteneste, og ved vere ein del av eit verdsvidt, sakramentalt og inkluderande fellesskap.

I openberringstida vert vi difor utforda til å ikkje berre *fortelje om* misjon, men og leggje til rette for at alle sjølv kan ta del i kyrkja sitt oppdrag, både i og utanfor gudstenesta.

Liturgiske byggeklossar til openberringstida

1. Gudstenesterommet

- **Lysgloben:** Lysgloben er mange stader eit symbol på Kristus som lyset for (heile) verda. I Openberringstida kan ein plassera lysgloben meir sentralt, t.d. i midtgangen framfor koret. Aktiv bruk av lysgloben på forskjellige stader i gudstenesta vert dermed både lettare og meir synleg
- **Døypefonten:** Lat døypefonten vere synleg, og la dåpsfatet og dåpskanna vere i døypefonten (der det er vanleg å fjerne dette), også dersom det ikkje er dåp. Der ein ikkje har lysglobe kan døypefonten få ein sentral plass openberringstida. Bruk gjerne fonten aktivt i gudstenesta (sjå nedanfor).
- **Misjonsavtale/avtaleinformasjon:** Sjekk at de har ein oppdatert plakat med misjonsavtalen i kyrkja. Legg fram eller oppdater informasjon om misjonsprosjektet på eit lite bord i våpenhus eller ved inngangsdøra i kyrkjeskipet.
- **Agenda:** Dersom de nyttar agenda, kan det vere fint å ta med informasjon om misjonsprosjektet i denne. Alt frå ei kort setning til ei halv side med eit bilete henta frå prosjektet si heimeside, synleggjer at det er ein samanheng mellom det vi gjer i gudstenesta og det som skjer *utanfor* denne.
- **Dekorasjonar:** Dersom de har flagg, gjenstandar, bilete el. frå misjonsprosjekta, kan dette gjerne henge framme i kyrkjerommet eller andre aktuelle stader, heile openberringstida.

2. Inngangsort

Gudstenesteordninga gjev høve til å la inngangsorta følgjast av innslag som peikar på søndagens særpreg. Ein kan t.d tenne hovudlyset i lysgloben, eller tenna lys for vår eigen kyrkjelyd, misjonsprosjektet eller anna kyrkjelydsarbeid som kan vere aktuelt å løfte fram som uttrykk for kyrkja sitt oppdrag lokalt.

Lystenninga kan avsluttast med t.d. ei av desse korte forklaringane:

- a) *Vi tenner lys(a) i lysgloben for å minne oss om at vi er ein del av ei, verdsvid kyrkja.*

(Dersom dåp: I dag skal vi feire dåp.) I dåpen set Gud oss inn i denne verdsvide kyrkja, gjev oss del i Jesus oppdrag og sender oss til verda med sin Heilage ande.

Saman er vi kalla til omsorg for nesten, til kamp for rettferd, og til å forkynna evangeliet om Guds kjærleik til verda gjennom hans einborne Son Jesus Kristus.

eller

- b) *Vi tenner lys(a) i lysgloben for å minne oss om at vi er ein del av ei, verdsvid kyrkja. Det utfordrar oss til omsorg, ansvar og fellesskap med verda. Saman med den verdsvide kyrkja er vi kalla til det oppdraget Kristus gav oss; å bære Han, lyset for verda, fram til alle.*

3. Samlingsbøn.

Dersom kyrkjelyden si gudstenesteordning tillèt det, kan ein nytta ein eigen samlingsbøn i openberringstida. Frå «Ordning for hovudgudsteneste» kan ein t.d. bruke samlingsbøn nr. 2 eller 7, utforme ein eigen samlingsbøn etter vegleiinga i nr. 9, eller bruke denne:

Treeinige Gud,

du har skapt oss til fellesskap, teke i mot oss i dåpen,

og som du sende Son din til oss, har du sendt oss inn i verda.

For dit andlet er vi er samla med glede og forventning til kva du vil gjera.

Lat opp hjarta våre for deg.

Lat kjærleiken din til alle menneske og til skaparverket ditt fornya oss til teneste for deg.

4. Syndsvedkjenning

Dersom ein har høve til å variere syndsvedkjenninga i openberringstida, kan ein fokusere på element som handlar om våre manglande evner til å følgje opp det ansvaret vi har for vår neste (både lokalt og på verdsbasis) og for skaparverket, og på våre halvhjarta forsøk på å hindra krig, urettferd og fattigdom. Frå «Ordning for hovudgudsteneste» er syndsvedkjenning 3 og 5 gode. Ein kan også nytta følgjande alternativ, anten som del av ei lengre syndsvedkjenning eller forbøn, eller for seg sjølv:

Heilage Gud, vi vedkjennast at vi ofte berre ser det vi vil sjå, og berre høyrer det vi vil høyre. Tilgjev oss når vi ikkje bryr oss om naud og smerte som rammar andre.

Tilgjev oss når vi ikkje forhindrar diskriminering, fordømming og krenking av menneskeverdet.

Tilgjev oss når det er vårt eige vitnesbyrd om deg som skuggar og stengjer for ditt frigjerande evangelium.

5. Kyrie/Gloria

Kyrie og Gloria følgjer kyrkjelyden si ordning for hovudgudsteneste. Men der ein har høve, eller ynskjer å variera, som t.d. i gudstenester for barn eller familiar, har vi følgjande forslag:

- Norsk Salmebok 2013:
 - 678 Vi rekker våre hender frem
 - 240 Måne og sol, (evt. med liturgisk innleiing frå tidl. familiegudstenesteliturgi)
- Der det er høve til å variera, kan ein vurdere å bruka kyrie frå andre land i openberringstida, for å uttrykke vår deltaking i den verdsvide kyrkja . Sjå Nos13 976.1-6, eller Bøkene *Syng håp* 1 og 2.

6. Dåp

Kyrkjemøtet slo i sak 07/2012 «Misjon til forandring» fast at «*Slik vi blir døpt på grunnlag av dåps-/misjonsbefalingen, blir vi også døpt til selv å ta del i den. Vi har som kristne en identitet som personer som er sendt.*»

Openberringstida er eit høve til å understreka at dåpen ikkje berre er ei mottaking, men også ei sending. Samstundes var det ein hovudsak i den nye dåpsliturgien frå 2016 at ein ynskte å stramma inn liturgien. Vi foreslår difor at ein i openberringstida aktivt knyter an til dåpen fyrst og fremst i preika, og viser til den konkrete dåpshandlinga som eit utgangspunkt for å løfte fram oppdrags- og sendingsdimensjonen i vårt kristne kall.

I dåpsliturgien er det også høve til å «kort seie noko om den aktuelle dåpshandlinga» anten etter den innleiande tekstlesinga og bønna, eller før den avsluttande lovprisinga (1. Pet 1,3). Dersom liturgen ynskjer å knyta saman dåp og misjonale perspektiv her, skal det vere kort og ha eit munnleg preg. Sjå gjerne over under pkt.2 «Inngangsord» for inspirasjon.

7. Tekstlesing

For å understreka deltakinga i den verdsvide kyrkja, er det fint å kunna lesa minst ein av lesetekstane på eit anna språk i nokre av gudsteneste i openberringstida. Då kan ein sleppe til ressursar som kan andre språk, som t.d. innvandrarar, misjonærar eller andre som har budd i andre kulturar.

Dersom ein tekst vert lese på eit anna språk, kan ein lese den på norsk etterpå eller trykke teksta i agendaen i staden (med unnatak av evangelieteksta, som alltid bør lyde på norsk, sjølv om ho også vert lese på eit anna språk).

8. Preike

I openberringstida vert det sendt ut eigne tekstgjennomgangar for søndagane (sjå vedlegg). Likevel, her er nokre generelle tips om å skrive preike med eit moderne misjonalt perspektiv:

- Tematikker:
 - *Missio Dei*: Gud Fader sendte Sonen, Gud Fader og Sonen sendte Den heilage ande, og Gud Fader, Sonen og Den heilage ande sendte kyrkja (lett å linke til jula).
 - Skapt -> Døpt -> Sendt
 - Holistisk misjonsforståing: Misjon er ikkje å slå andre i hovudet med bibel og kultur. Misjon er det vi er kalla til som kyrkje: Diakoni, kamp for rettferdighet, og å forkunne evangeliet med det vi gjer og seier.
- Gå på «misjonsjakt» i tekstane. Spør:
 - Korleis viser Jesus kva vi er kalla til i denne teksta? (WWJD)

- Vert tilhøyrarane gjevne eit oppdrag i teksta?
- Å setje teksta inn i ei «frelsehistorisk» samanheng hjelper ofte med å relatere den til Missio Dei-perspektivet over.
- Korleis modellerer Jesus kyrkja og hennar oppdrag i denne teksta?

9. Kunngjeringar

I kunngjeringane bør ein nemne kva som er kyrkjelydens misjonsprosjekt og kvar ein finn info om dette (bak i kyrkja, i agendaen, på internett, etc) i alle gudstenestene i openberringstida. Det er ofte mykje info om misjonsprosjekta på misjonsorganisasjonane sine heimesider, og det er fort gjort å klippe inn eit avsnitt frå ein nyhetsartikkel om prosjektet i kunngjeringane.

10. Forbøn

- **Forbønsledd:** Helst bør ein bruka eit fast ledd eller setning med bøn for misjonsprosjektet på alle gudstenester gjennom året. Dersom ein ikkje har det enno, er openberringstida eit flott høve til å starte med dette.

I openberringstida kan ein gjerne setje av eit helt forbønsledd til å be for kyrkjelyden sitt misjonsprosjektet og heile den verdsvide kyrkja sitt oppdrag i verda. Nedanfor følgjer eit forslag til forbønsledd som er utforma ut frå «Modellar for lokalt utforma tilrettelagde forbøner» i ordninga for hovudgudsteneste. Bruk det som det er, til inspirasjon, eller finn gjerne heilt eigne løysingar.

ML/L: Lat oss be for den verdsvide kyrkje og kyrkja i vårt eige land.

ML/L: Gud, du som er misjonens kjelde, takk for at du har kalla oss til deg og i dåpen har gjeve oss del i di kyrkje og i Jesu oppdrag. Hjelp kvar enkelt av oss til å følgja deg i kvardagen, og formidle din kjærleik til nesten vår gjennom ord og handling.

Takk for vår kyrkjelyd her i/på <Soknets namn>. Lat oss vera eit trygt fellesskap for born, vaksne og familiar i samfunnet vårt, og ein stad der alle kan få møte deg. Vi takkar deg for at kyrkjelyden vår får vere med på arbeidet i/til <Sett inn misjonsprosjektet her>. Velsign og styrk dei som arbeidar der/i dette, og lat arbeidet verta til det beste for mange.

Du som sende din Heilage ande for å leia di kyrkje på jorda, hjelp oss å samarbeide og ikkje gå i vegen for kvarandre og for ditt evangelium. Gjev oss som Jesu kropp på jorda mot til å kjempe mot urettferd, visdom til å sjå korleis vi kan hjelpa kvarande, og styrke til å handla når lemmar på din lekam vert forfølgde for ditt namns skuld. Gud, vi bed.

- **Lysgloben** bør brukast aktivt i forbønsdelen. Tenn gjerne eigne lys for misjonsprosjekta, for samarbeidsorganisasjonar, for lokalkyrkja sitt oppdrag, osv.
- **Alternative forbøner:**
 - Bønevandring der ein sett opp stasjonar med t.d. kart som viser misjonsprosjekta, eller stasjonar som gjev høve til å fornøye sitt kristne kall (ta med deg et bibelvers), el.
 - Forbønsmodell 4 i ordninga for hovudgudstenesta – bøn i fire himmelretningar.
 - Bøn på fleire språk – sjå punktet om tekstlesing over.

11. Nattverd

Både perspektivet om det sakramentale fellesskapet i nattverden og tenesteperspektivet er allereie tydleg til stades i nattverdsliturgiane. Koblinga mellom nattverden og kyrkja sitt oppdrag kan t.d. gjerast i preika. Vi anbefaler likevel at der ein kan velje nattverdsbøner, veljar ein ei bøn som gjev høve til å bruke prefasjonen for openberringstida.

12. Utsending.

«Gå i fred. Ten herren med glede» er orda som oftast er nytta i utsendinga. Gudstenestelivet, der vi regelmessig vert kalla til gudsteneste, høyrer Ordet og tek del i sakramenta, og igjen går ut i verda, vert av og til kalla for kyrkja sin pust eller andedrett. Å bevisstgjere kyrkjelyden på at det kristne livet vert levd like mykje i kvardagen som i kyrkja, er ei konkretisering av kyrkja si sending til verda.

Alternativt kan ein i openberringstida bruka misjonsbefaling frå Johannesevangeliet (20,21) som utsendingsord:

L: Jesus seier: Fred vere med dykk. Som far har sendt meg, sender eg dykk.

13. Salmeforslag

Det er eit eige avsnitt i den nye salmeboka (NS-13) over salmar for både Kristi openberringsdag (88-92) og Openberringstida (93-107). Det er også ei tematisk oversikt over salmar frå den verdsvide kyrkja på side 1418 i salmeboka.

For den som leiter etter spesifikke «misjonssalmar, kan følgjande liste vere til hjelp (Norsk salmebok 2013):

101	Kristus er verdens lys	697	Der det nye livet lever
482	Deg å få skoda	609	Hører du den hemmelige sangen
532	Guds kirkes grunnvoll ene	991	Slik som min Fader sendte meg
690	Reis deg Guds menighet	633	Gå du med oss for vegen er lang.
695	Rop det ut med hjertets jubel	479	Fordi han kom og var som morgenrøden
608	Når vi deler det brød som du oss gir	434	Det er navnet ditt jeg roper /Kallet
87	Jesus, ja han alene		
258	Himmelen tonar av lovsong		
393	Cantai ao Senhor/Kom syng for vår Gud		
691	Din rikssak Jesus være skal		
698	Åkrane kvitnar mot hausten		

Barnesalmeboka:

146	Kum ba yah, my Lord
150	Fortell dem om mitt rike
152	Jeg vil være med å si det høyt til alle
155	Lyset er kommet til verden
285	Alle barn kan komme

Alt ressursmateriale er tilgjengelig på hjemmesiden til Samarbeid menighet og misjon

www.kirken.no/smm

